

Får ikkje dele frå fritidseigedom

■ **FJALER:** Planutvalet avslår søknaden frå Jon Olav Bjergene og Liv Røhnebæk Bjergene om å dele frå ein 7,6 dekar stor teig på eigedommen «Vellene» i Flekkefjorden til fritidsfremål. Politikarane er likevel ikkje heilt avvisande til saka, dersom søkjarane kjem att med ein ny søknad om eit mindre område, der den gamle hytta på den aktuelle tomte er merkt av. Helst ønskjer dei også ei synfaring før dei tek stilling til ei slik sak.

Sa nei til «nausthytte»

■ **FJALER:** Ruth Erdal fekk byggjeløyve til naust på Øyna i fjor, men planutvalet avslo tysdag dei reviderte byggeplanane. – Dette liknar meir på ei hytte enn eit naust, sa ordførar Arve Helle, og dei andre politikarane var samde. Jan Ulltang (Sp) la til at det hadde komme han for øyre at fleire slike «nausthytter» har komme opp og at ein burde sjekke forholda.

Fleire får avslag

■ **ASYLSØKNADER:** Utlendingsdirektoratet har gitt avslag på 55 prosent av asylsøknadene i vår. Det er 10 prosentpoeng meir enn i fjor haust og vinter. UDI har ikkje noko klart svar på kvifor trenden har snudd. Avdelingsdirektør Hanne Jendal meiner årsaka kan vere at færre kan vise til at dei treng vern. (©NPK)



DEMONSTRASJON: Anja Thune demonstrerer og forklarar korleis ein tek på og av eit kondom med minst mogleg smittefare.

– Er kondom flautt?

FJALER: – Det var så pinleg. Vi lærte *ikkje* å tre på ein kondom, seier sjukepleiarstudent Anja Thune om si eiga erfaring med seksualundervisning. No reiser ho rundt og instruerer gjennom leik.

HILDE GENBERG tekst og foto

Svartruss, raudruss og blåruss sit stille i ein halvsirkel og ventar i eit klasserom på Dale vidaregåande skule. Det er tid for seksualundervisning, noko dei ikkje kan hugse å ha hatt sidan ein litt

AKTIVT VAL

Røde Kors og Høgskulen

■ 15 sjukepleiarstudentar reiser for tida rundt til skular for å undervise 600 elevar om kjønssjukdommar og prevensjon.

Leika seg gjennom seksualundervisninga

pinleg affære i tiande klasse.

Frå ein cd-spelar ljomar popmusikk. Lærarane er nokre få år eldre enn russen: tre sjukepleiarstudentar på 22 og 23 år. Dei har gått på Røde Kors-kurs for å bli instruktørar i «Aktivt val», og no sit dei på eit par pultar framfor russen og dinglar med beina, medan dei ventar til alle er komne.

Stolleik

Så er dei i gang. Kvar elev får tildelt kondommerke som er avgjerande for kven som må byte plass i stolleiken. Slik følgjer leik etter leik, der elevane får informasjon om symptom og behandling av kjønssjukdommar og kor lett det er å bli smitta.

– Tenk at vi veit om 55 personar som får klamydia kvar dag i Norge, og det reelle talet er endå høgare, fortel instruktørane, som oppmodar elevane innstendig om å unngå å bli smitta eller å smitte vidare.

Mykje er velkjend kunnskap. Russen veit korleis kjønssjukdommar smittar og ein god del om symptom og behandling. Men korleis trer ein eigentleg på ein kondom utan at den sprekk? Ganske vesentleg informasjon, er elevane og instruktørane einig om. Men slikt er ikkje vanleg lærdom på skulen. Anja Thune demonstrerer først på ein knallraud dildo, før elevane prøver sjølv.

Prevensjonssjef

– Dette er bra, tykkjer Kristin Mjåseth, som kan smykke seg med tittelen «prevensjonssjef» for russen i Dale.

– Utover å dele ut kondom,

” Det kan vere enklare å spørje unge studentar utanfrå i staden for læraren

Aktivt val-instruktør Anja Thune



PUSLING: Elevane prøver å finne rett stad for årsak, symptom, smittevegar og behandling for ulike kjønssjukdommar.

har eg ikkje gjort så mykje, seier Mjåseth, som trur dei fleste lærte ein del av sjukepleiarstudentane.

– Korleis er ungdoms haldningar til kondom?
– Eg trur mange har lett for å droppe det, for eksempel fordi det er flautt eller fordi dei er

fulle, men nokre er flinke, meiner Mjåseth.

At det er flautt er heilt greit, meiner instruktørane.

– Men kondom må vere like sjølvstekt som redningsvest i båt og bilbelte i bil.

hilde.genberg@firda.no